



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta, torsdag 1. oktober 2015 kl. 09.00–15.30

Til stades

Lodve Solholm (styreleiar), Grete Riise (nestleiar), Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Stina Aasen Lødemel, Jon Østbø, Mona H. Hellesnes (observatør, til 10.15), Ottar Grepstad (direktør)

Forfall

Brit Bildøen, Hege Myklebust (1. vara), Jens Helleland Ådnanes (2. vara)

Sakliste

Konstituering

38/2015 Innkalling og sakliste

39/2015 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

40/2015 Referatsaker

41/2015 Aktuelle saker

42/2015 Personalsaker

Vedtaksaker

43/2015 Rekneskap januar–august 2015

44/2015 Prognose 2015

45/2015 Løyvingar Vinjefondet 2015

46/2015 Årets museum 2015: strategi 2015–2018

47/2015 Språkfakta 2015: status for nynorsk skriftkultur

48/2015 Kommunevalet 2015 i språkpolitisk perspektiv

49/2015 Vår strategi for 200-årsjubileet til A.O. Vinje

50/2015 Utviklingsprosjekt Diktarhuset i Lom

51/2015 Langtidsplan butikk 2016–2019

52/2015 Diktkammeret.no

53/2015 Visjon og strategi 2016–2019: oppdatering

54/2015 Vedtektsendringar

55/2015 Valnemnda 2015–2016

56/2015	Resultatvurdering Dei nynorske festspela 2015
57/2015	Oppfølging styreseminar 2015
58/2015	Statsbudsjett 2016
59/2015	Arbeidsavtale og lønsregulering direktør
60/2015	Tilsetjing i faste stillingar
Drøftingssaker	
61/2015	Resultatvurdering sommarsesongen 2015

Konstituering

38/2015 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend med tillegg av ny sak 60/2015 Tilsetjing faste stillingar.

39/2015 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styreseminar og styremøte 18.–19.6 2015 er godkjend.

Saker til orientering

40/2015 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

41/2015 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

42/2015 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

43/2015 Rekneskap januar–august 2015

Vedtak

Styret tek rekneskap januar–august 2015 til vitende.

44/2015 Prognose 2015

Vedtak

1. Styret bed administrasjonen fullføre drifta i 2015 i tråd med utviklingstrekk og føresetnader i prognosen.
2. Styret vurderer eventuelle avsetjingar i 2015 når rekneskapen januar–oktober ligg føre på styremøtet i desember.

45/2015 Løyvingar Vinjefondet 2015

Vedtak

1. Styret gjer slike vedtak om søknadene til Vinjefondet i 2015:
 - 01/15. Vinjefondet løyver 80 000 kr i 2015 til den journalistiske delen av to næringslivsretta magasin.
 - 02/15. Vinjefondet prioriterer ikkje prosjektet.
 - 03/15. Prosjektet ligg utanfor retningslinjene for Vinjefondet.
 - 04/15. 1. Vinjefondet løyver 470 000 kroner til Vest-Telemark blad til prosjektet «'Hæ? VTB på Snapchat?' – Nynorsk på nye plattformer» i 2015. 2. Vest-Telemark blad presenterer erfaringar og resultat på ein måte som gjer at andre redaksjonar kan gjere seg nytte av erfaringane.
 - 05/15. Prosjektet blir ikkje prioritert i 2015.
 - 06/15. 1. Vinjefondet løyver 230 000 kroner i 2015 til Framtida.no med prosjektet «Forskingsjournalistikk på nynorsk». 2. Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget gir Vinjefondet ei tilsegn om inntil 250 000 kroner i 2016 og inntil 200 000 kroner i 2017.
 - 07/15. Prosjektet blir ikkje prioritert.
 - 08/15. Prosjektet blir ikkje prioritert.

2. Styret set av 50 000 kroner frå 2015-midlane til tiltak for å gjere nynorskbrukande journalistar og redaksjonar sikrare og stødigare i nynorsk språkføring. Midlane blir lyste ut som del av den samla utlysinga i 2016.

3. Styret bed administrasjonen leggje fram eit forslag om korleis dette kan gjerast med eksterne medarbeidarar. Slike tilbod skal byggje på ein føresetnad om at avisene sjølve dekkjer halvparten av kostnadene.

46/2015 Årets museum 2015: strategi 2015–2018

Vedtak

1. Styret bed administrasjonen formidle synspunkt og råd frå drøftinga til avsluttande arbeid med ein prioritert handlingsplan for oppfølging og posisjonering som Årets museum 2015.

2. Styret går inn i ei første drøfting av forholdet mellom konsern og avdelingar på møtet i desember.

47/2015 Språkfakta 2015: status for nynorsk skriftkultur

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

48/2015 Kommunevalet 2015 i språkpolitisk perspektiv

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

49/2015 Vår strategi for 200-årsjubileet til A.O. Vinje

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta merknadene frå drøftinga med i det vidare arbeidet.

50/2015 Utviklingsprosjekt Diktarhuset i Lom

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

51/2015 Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019

Vedtak

Styret merkar seg den dokumentasjonen som er lagd fram til møtet og bed administrasjonen følgje opp drøftinga i møtet med særleg vekt på marknads- og salsanalyse, strategi og overordna tiltak i det framlegget til butikkplan som styret får til møtet i desember.

52/2015 Diktkammeret.no

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektbudsjett innanfor den ramma som løyvinga frå Kulturrådet og tidlegare vedtak utgjær.

53/2015 Visjon og strategi 2016–2019: oppdatering

Vedtak

1. Etter prisen Årets museum 2015 og signert intensjonsavtale om Diktarhuset i Lom blir *Visjon og strategi 2016–2019* oppdatert med to nye mål.
2. Nynorsk kultursentrum: Etablere Vinje-senteret som ny driftsavdeling saman med Litteraturdagane i Vinje.
3. Administrasjonen: Leggje grunnlaget for Diktarhuset i Lom som eit nasjonalt tiltak med sterkt lokalt grunnlag.

54/2015 Vedtektsendringar

Vedtak

I samsvar med innstilling frå rådsmøte 30.9.2015 vedtek styret slike vedtektsendringar:

1. I § 4, 4. avsnitt blir det lagt til to nye setningar etter første setninga, med redaksjonell justering av setninga som kjem etterpå:
Etter at årsmelding og rekneskap er godkjende i det møtet, er funksjonstida over for det sitjande styret. I nytt møte same dagen tek eventuelle nye styremedlemmer over etter dei som har gått ut. I dette møtet ...
2. Vedtektene får eit tillegg med ny § 7:
Valnemnda innstiller til rådet om reglar for godtgjersle for verv i Nynorsk kultursentrum og kor stor denne skal vere. Rådet gjer endeleg vedtak i saka.
3. Noverande § 7 blir § 8, osb.
4. Vedtaket blir lagt fram for Kulturdepartementet til godkjenning.

55/2015 Valnemnda 2015–2016

Vedtak

Styret innstiller Håvard B. Øvregård som medlem av valnemnda 2015–2016.

56/2015 Dei nynorske festspela

Vedtak

1. Styret sluttar seg til dei tiltaka administrasjonen vil setje i verk for å halde på posisjonen og utvikle denne festivalen vidare som den viktigaste nynorskfestivalen i landet.
2. Styret bed om statusrapport til møta i desember 2015 og februar 2016 om dei milepålane administrasjonen set for framdrift, innhald og organisering.
3. Administrasjonen legg fram sak om eit eventuelt programråd for Dei nynorske festspela til styremøtet i desember.
4. I framlegget til langtidsplan for festivalar i februar 2016 blir det lagt særleg vekt på parallellt arbeid med fleire års festivalprogram og kva følgjer dette har for organisering av arbeidet.

57/2015 Oppfølging styreseminar 2015

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum følgjer opp styreseminaret 2015 med å invitere styremedlemer og daglege leiarar i sentrale nynorskinstitusjonar og -organisasjonar til årlege arbeidsmøte for kunnskapsbasert, langsiktig strategisk tenking.
2. Styret føreslår at arrangementet blir lagt til Aasen-tunet og knytt til 12. mai kvart år, som ei første årvis markering av ein av dei viktigaste datoane i nynorsk kulturhistorie.
3. Styremedlemer i Nynorsk kultursentrum deltek på linje med andre inviterte styremedlemer, og etter eige ønske.
4. Nynorsk kultursentrum dekkjer fellesmåltida ved desse arrangementa. Kvar institusjon dekkjer elles sine egne kostnader til reise og opphald.
5. Nynorsk kultursentrum inviterer Noregs Mållag til eit første oppfølgingsmøte om hundreårserklæringa før 1.4.2016.

58/2015 Statsbudsjett 2016

Vedtak

1. Direktøren tek seg av politisk arbeid med statsbudsjett 2016 i tråd med saksførelegg og drøfting i møtet, i nær kontakt med styreleiaren og nestleiaren.
2. Styret bed om innsyn i dei kriteria som blir brukte i statsforvaltninga i arbeidet med søknader om ordinære investeringstilskot og driftsmidlar til museum.

59/2015 Arbeidsavtale og lønsregulering direktør

Vedtak

Saka blei utsett til neste møte.

60/2015 Tilsetjing i faste stillingar

Vedtak

Styret har delegert tilsetjingsmynde til direktøren. Det følgjer av dette delegasjonsvedtaket at direktøren avgjer alle spørsmål som gjeld utlysing og tilsetjing.

Saker til drøfting

61/2015 Resultatvurdering sommarsesongen 2015

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med ein samla strategi for dei ulike sesongane.

Godkjend av protokoll

Protokoll frå møte 1.10.2015 er godkjend i møte 11.12.2015.

Lodve Solholm

Sigrun Høgetveit Berg

Georg Arnestad

Jon Østbø

Grete Riise

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad